

Foretaksnavn FJORD KOMMUNE

## Kontaktperson

Navn: Terese Sølvi J Moen

## Utfyller

Navn: Terese Sølvi J Moen

Mottaker: Miljødirektoratet

---

SØKNAD

REFERANSEN.: 22SF12DB

---

## Villreinen som verdiskapar langs Valldalsleia

Varighet: 01.03.2022 - 01.03.2024

Kort beskrivelse av hovedprosjektet og delprosjekter/tiltak:

Sjå vedlegg.

### Beskriv samarbeidspartnere:

Fjord, Rauma, Lesja og Dovre kommunar ansvaret for skilting, merking og vedlikehald av Valldalsleia. Fjord kommune har sett i gang eit utvikling og verdiskapingsprosjekt for Valldalsleia i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, og gjennom dette arbeidet ønsker Fjord kommune no å stå som søker på prosjektet «Villreinfjellet som verdiskaper» for å få til brei verdiskaping langs heile Valldalsleia. Innlandet fylkeskommune vil også vere ein viktig samarbeidspartner.

Fjordhagen AS er eit næringsutviklingselskap i Fjord kommune, og skal ha ansvaret for overordna prosjektleiing i prosjektet og gjennomføring av tiltak i Fjord. Vi har kompetanse på prosjektleiing, berekraftig entreprenørskap, reiselivsutvikling og stadutvikling. Vi ønsker å engasjere avtroppande dagleg leiar av Regionalt Pilegrimssenter Dovrefjell, Hans-Jacob Dahl som rådgjevar inn i gjennomføringa av delprosjekt organisering. Han har vore sentral i prosessen med etableringa av Valldalsleia, og har eit stort nettverk.

Nordveggen AS er eit næringsutviklingselskap og SIVA næringshage i Rauma og Lesja kommunar med kompetanse på prosjekt- og forretningsutvikling. Nordveggen AS skal ha ansvaret for prosjektleiing og gjennomføring av tiltak i Rauma og Lesja.

Villreinsenter Nord, lokale nasjonalparkforvaltarar og nasjonalparkstyre i Reinheimen Nasjonalt Pilegrimssenter og regionale pilegrimssenter; Pilegrimssenter Dovrefjell (Gudbrandsdalsleden) og Pilegrimssenter Smøla (Kystpilegrimsleden). Valldalsleia viser seg å vere ei attraktiv rute for gjestar som ønsker å kombinere vandring langs kysten og i fjellet. For å få fleire besøkande og meir verdiskaping er desse aktørane viktige samarbeidspartnarar.

Prosjekteigar vert Fjord kommune. Det skal etablerast ei overordna styringsgruppe for prosjektet og arbeidsgrupper for dei tre delprosjekta.

### Hvem er målgruppe(r) for prosjektet, og hvilken bruk/nytte og verdiskaping ser man for seg?

Målgruppene for prosjektet er:

- Bedrifter/vertskap langs Valldalsleia som kjem til å få auka omsetning som følgje av prosjektet, og som vil få auka kunnskapen om villreinfjellet og heile Valldalsleia, og har mulegheita til å knytte dette inn ut

utviklinga av sine tilbod. Dette gjev grunnlag for fleire tilsette og vil i sin tur føre til å sikre lokal bosetting og verdiskaping i bygdene.

- Fjord, Rauma, Lesja og Dovre kommunar og Møre og Romsdal og Innlandet fylkeskommunar som får ein modell for varig organisering av samhandling, utvikling og verdiskaping langs Valldalsleia, der villreinfjellet vert knytt til verdiskaping i randsona.

**Beskriv hvilken kunnskap/kompetanse som er nødvendig for å realisere hovedprosjektet og delprosjekter/tiltak:**

Fjordhagen AS og Nordveggen AS har naudsynt kompetanse om prosjektleiing, berekraftig forretningsutvikling og stadutvikling, og har god lokalkunnskap, kjennskap og nettverk til interessentane i prosjektet.

Når det gjeld naturforvaltning og kunnskapen om villreinfjellet ønsker vi å bruke nasjonalparkforvaltarane og Villreinsenter Nord som samarbeidspartnar.

**Beskriv prosjektets overføringsverdi og relevans for andre områder, og hvordan resultater/erfaringer vil bli formidlet:**

Prosjektet vil ha overføringsverdi og relevans for andre områder spesielt med tanke på korleis ein koplar berekraftig næring- og stadutvikling opp mot villreinfjellet som verdiskapar. Det vil også vere overføringsverdi og relevans for andre pilegrimsleier som går i randsona av villreinfjellet (Gudbrandsdalsleden og Østerdalsleden), og for dei som er opptatt av tematikken bruk/vern i randsonene av villreinfjellet.

Resultat og erfaringar frå prosjektet vil blir formidla undervegs til samarbeidspartnarar som løpande rapportering i styringsgruppemøter. Både Fjordhagen AS og Nordveggen AS har etablerte kanalar for publikum- og bedriftsretta informasjon som vil verte nytta undervegs i prosjektet (elektroniske nyheitsbrev, sosiale media, næringspub osv.).

Det vil bli utarbeidd ein sluttrapport som vert publisert ved prosjektslutt.

**I hvilket fylke(r), villreinområde(r) og kommuner skal prosjektet gjennomføres:**

Møre og Romsdal og Innlandet fylker. Fjord, Rauma, Lesja og Dovre kommunar. Reinheimen-Breheimen villreinområde.

**Beskriv om og eventuelt hvordan prosjektet er forankret i en regional plan, og i så fall hvilken:**

Valldalsleia er ein del av Langtidsplan for Pilegrimsleden 2020-2037 som gjeld for alle godkjende pilegrimsleier i Norge.

**Hvem eier grunnen der eventuelle fysiske tiltak skal gjøres?**

Grunneigaravtaler langs pilegrimsleia er på plass. Nye avtaler med grunneigarar må gjerast der det er snakk om ny sti/nye tiltak.

**Beskriv positive og eventuelle negative miljøvirkninger av prosjektet og tiltakene:**

I tråd med Miljødirektoratet sin veiledar for Naturarven som verdiskapar ønsker vi med brei verdiskaping å sjå ulike verdiskapingsformer i samanheng, og skape gjensidig forsterkande samspel mellom dei.

Miljømessig verdiskaping handlar om at miljømessige kvalitetar skal ivaretakast og/eller forbeholdast. Vårt prosjekt vil skape positive miljøvirkningar gjennom informasjonsarbeid for å fortelle om villreinen, noko som vil auke forståinga hjå dei besøkande for bruk, åtferd og leveområde.

Kulturell verdiskaping inneber å auke kunnskapen og bevisstheita kring lokal kulturarv, særpreg, tradisjonar og symbol som gjev grunnlag for stadleg identitet og stoltheit. Vårt prosjekt vil særleg skape positive miljøverknader på dette området då historieformidling kring villreinfjellet kan bidra til å skape gode opplevingar.

Sosial verdiskaping er utvikling av tilhøyrighet og engasjement som ppstår ved samarbeid, samhandling, dugnad, frivilligheit og fellesskap so mein del av det å tilhøyre eit lokalsamfunn. Vårt prosjekt vil skape positive miljøverknader i form av å auke kunnskapen og stoltheita av villreinfjellet hjå vertskapen langs Valldalsleia, og styrking av identiteten kring villreinfjellet vil føre til engasjement i prosjektarbeidet og utviklingsprosessar lokalt.

Økonomisk verdiskaping skjer ved at eit produkt (eller ei råvare) på kvart ledd i ei verdikjede (eller produksjonsprosess) får ein auka verdi som følgje av tilførsel av kunnskap, kapital eller arbeid. Vårt prosjekt vil skape positive miljøverknader som følgje av td. inntekter frå guida turar, auka overnattingsbesøk og serveringsomsetning på bedriftene langs Valldalsleia.

#### Hvem skal eie og vedlikeholde eventuelle fysiske tiltak i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres?

Dei fire kommunane langs Valldalsleia skal eige og har ansvaret for eventuelle fysiske tiltak i etterkant. Arbeidet med vidareutvikling og verdiskaping skal vidareførast gjennom å få plass ei varig organisering av ledkoordinator for Valldalsleia.

#### Beskriv hvordan krav om 50% egenfinansiering skal løses:

Gjennom tilskot frå kraft- og næringsfonda i Fjord, Rauma og Lesja kommunar.

## Budsjett

Kostnader	Beløp
Timer egne ansatte (0 x kr 0 per time)	0
Dugnadstimer frivillige (0 x kr 300 per time)	0
Kjøp av tjenester	295 000
Transport (kjøring)	0
Utgifter til investeringer	0
<b>Sum kostnader</b>	<b>295 000</b>

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	<b>295 000</b>
- Dugnadstimer frivillige (0 x kr 300 per time)	0
- Egne midler	0
- Andre offentlige tilskudd	147 500

- Annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	147 500

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Nei

Eventuelle merknader:

*Ikke utfyllt*

## Vedlegg

- 📎 Søknad Villreinfjellet som verdiskapar langs Valldalsleia.pdf (Prosjektbeskrivelse)
- 📎 Tiltak og framdriftsplan Villreinen som verdiskapar langs Valldalsleia.pdf (Prosjektbeskrivelse)
- 📎 Budsjett 2022-2024 Villreinfjellet verdiskapar Valldalsleia.pdf (Økonomi/Finansiering)

 Terese Sølvi J Moen for FJORD KOMMUNE

---

Lvert 04.03.2022